

**PLANOMTALE**

**FOR**

**DETALJREGULERINGSPLAN FOR**

**Omondjordet massetak**

**Planid. 34340006**



Foto av massetaket ved Omondjordet teke 29. juli 2024 i retning innover Meadalsvegen (Ø. Pedersen).

Planen er utarbeidd av Felles plankontor for Lom og Skjåk kommunar.

Versjon for sluttbehandling/planvedtak, 02.09.2024

## Innhald

1.	Bakgrunn for planforslaget.....	4
2.	Lokalisering av planområdet.....	4
3.	Eigedomar i planområdet .....	5
4.	Planstatus og føringer for planarbeidet. ....	5
4.1	Kommuneplanens arealdel .....	5
4.2	Andre føringer for planarbeidet.....	7
5.	Grusressursen og bruk av grusen. ....	7
6.	Varsel om oppstart av planarbeid.....	8
7.	Innspel og merknadar ved varsel om oppstart av planarbeid. ....	8
7.1	Direktoratet for mineralforvaltning, brev 27.06.2023.....	8
7.2	NVE, brev datert 21.08.2023 .....	10
7.3	Statsforvaltaren i Innlandet, brev datert 22.08.2023 .....	11
7.4	Innlandet fylkeskommune, brev datert 29.08.2023.....	12
8	Planforslaget ved offentleg ettersyn og høyring. ....	14
8.1	Reguleringsformål.....	15
8.1.1	Område for råstoffutvinning.....	15
8.1.2	Køyreveg. ....	16
8.1.3	Annan veggrunn – grøntareal.....	17
8.1.4	Landbruksformål. ....	17
8.2	Omsynssoner. ....	17
8.2.1	Faresone flaum. ....	17
9	Innspel og merknadar ved 1. offentlige ettersyn og høyring. ....	17
9.1	NVE, brev 06.05.2024.....	17
9.2	Lom Fjellstyre, e-post 03.06.2024 .....	18
9.3	Direktoratet for mineralforvaltning, brev 06.06.2024.....	18
9.4	Innlandet fylkeskommune, brev 12.06.2024 .....	20
9.5	Statsforvaltaren i Innlandet, brev 14.06.2024 .....	20
10	Planforslaget ved sluttbehandling. ....	20
10.1	Endringar på plankartet .....	21
10.2	Endringar i reguleringsføresegnene .....	22
10.3	Endringar i planomtalen .....	22
10.4	Endringar i ROS-analysen.....	22
11	Verknadar av planforslaget. ....	22
11.1	Utløyser reguleringsplanlegginga krav om konsekvensutgreiing? .....	22
11.2	Verknadar for naturmiljø og naturmangfold. ....	24
11.3	Verknadar for landskap.....	26

11.4	Verknadar for kulturminne og kulturmiljø.....	30
11.5	Verknadar for jord- og skogbruk.....	30
11.6	Verknadar for geologiske og hydrologiske ressursar.....	32
11.6.1	Masstaberekning.....	33
11.7	Verknadar for trafikktryggleik og trafikkavvikling.....	34
11.8	Verknadar for forureining, energi og klima. ....	34
11.9	Verknadar for friluftsliv og barn/unge. ....	36
11.10	Verknadar for teknisk infrastruktur.....	36
11.11	Verknadar for samfunnstryggleik.....	36

## 1. Bakgrunn for planforslaget.

Planarbeidet har bakgrunn i ønske om vidare drift og utviding av areal for masseuttak i tilknyting til vedlikehald av veganlegget Meadalsvegen. Planforslaget som blir fremma, vil vere i samsvar med kommuneplanens arealdel vedteken 15.12.2022, der arealet er lagt ut som område for råstoffutvinning M99.


Planforslaget blir utarbeidd i kommunal regi av Felles plankontor for Lom og Skjåk.  
Planarbeidet blir utført som detaljregulering, jf. § 12-3 i plan- og bygningslova.

Kommunen vurderer at planarbeidet ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

## 2. Lokalisering av planområdet.

Planområdet ligg ved Meadalsvegen som er privat bomveg. Det har vore grustak i planområdet i ei årrekke for bruk til vedlikehald av veganlegget. Meadalsvegen er tilkomstveg til seterområde i Meadalen, Stymme, Solell, Foss og Smådalen, til utmarksteigar og sameigestrekningar til ein rekke gardsbruk, til Soleggen Fjellstugu, til fritidshytter, til bustader i nedre del av vegen og tilkomst inn mot statsallmenningane (Leir- og Bøverdal statsallmenning og Vårdalen statsallmenning).

Kartfigur 1 under, viser lokaliseringa og utstrekninga av planområdet.



Kartfigur 1: Avgrensing av reguleringsplanområdet er vist med svart stipla linje på grunnlagskart (FKB).

### 3. Eigedomar i planområdet.

Planområdet omfattar areal på eigedomane GID 26/1 Graffer og GID 35/1 Blakar. Til no har det berre vore teke ut grus på den delen av planområdet som ligg på grunn til Graffer. På den sørvestre delen som ligg på grunn til Blakar, er det ikkje teke ut grus, og arealet er skogsmark.

Den delen av planområdet som ligg på Graffer der grusen er teke ut, var nytta som riggområde i samband med den no avslutta utbygginga av småkraftverk i Vulu, jf. flybilete av område frå 2020 under.



Kartfigur 2: Flyfoto frå 2020 der plangrensa er vist med svart stipla line og eigedomsgrenser med raude liner. Den delen av planområdet der det er teke ut grus, og som ligg på grunn til Graffer (GID 26/1), vart da nytta som riggområde ved kraftutbygginga i Vulu. På den sørvestre delen som ligg på GID 35/1, er det ikkje teke ut grus og arealet er skogsmark.

### 4. Planstatus og føringar for planarbeidet.


#### 4.1 Kommuneplanens arealdel

Arealet som skal regulerast for massetak, ligg med arealbruksformålet "råstoffutvinning" M99 i kommuneplanens arealdel for Lom, som vart vedteken av kommunestyret 15.12.2022.

Område M99 var da vidareført frå kommuneplanens arealdel for Lom frå 2003. Arealbruken som vart vedteken i 2003 hadde igjen grunnlag i "Kommunedelplan for sand, stein og grus" vedteke i 1997. I kommunedelplanen frå 1997 er det oppgjeve at området er nytta og at massane skal nyttast for vedlikehald av Meadalsvegen.

Flybilde frå 1981 viser at det har skjedd masseuttak i området før den vart omfatta av kommunedelplanen for sand, stein og grus frå 1997. På den delen av planområdet som høyrar til Graffer, GID 26/1, har det såleis vore masseuttak ei årrekke. Det er no att lite massar att å ta ut på denne delen. Moreneryggen som utgjer ressursen for uttaket, strekk seg inn på naboteigen til Blakar. Denne delen har vore omfatta av planane for massetak i den tidlegare kommunedelplanen frå 1997 og kommuneplanen frå 2003. Reguleringsplanen som skal utarbeidast vil legge til rette for å utnytte grusressursen vidare søraustover på eigedomen til Blakar. Ein vil da ta sikte på å nytte arealet i det eksisterande uttaket som område for grusbehandling og lager, både for attverande grusmassar på Graffer sin del, og for masser som blir teke ut på Blakar sin del.

I arbeidet med kommuneplanens arealdel frå 2022, vart det utarbeidd konsekvensutgreiing for område M99. Denne danna grunnlag for vidareføring av område for massetaket i den nye kommuneplanen. Kommuneplanen stiller krav om utarbeiding av reguleringsplan for M99. I planføresegnene til kommuneplanen er det nedfelt at det seinast innan to år etter at revisjon av kommuneplanens arealdel er gjennomført, skal vere utarbeidd og innlevert forslag detaljreguleringsplan for uttaksområdet for behandling i kommunen. I kommuneplanen er det også knytt planføresegn til område M99 om at det ikkje skal skje knusing av grusmassar i perioden 15.02 - 30.06. Det siste er knytt til at ein ikkje skal forstyrre hekking av ein freda fuglear i området i denne perioden. Utsnitt av plankartet til kommuneplanens for Lom frå 2022 i det aktuelle området, er vist på kartfigur 4 under.



Kartfigur 3: Utsnitt av kommuneplanens arealdel frå 2022 med planavgrensinga for den nye reguleringsplanen vist med stipla svart strek. Fiolett flate er areal for råstoffutvinning M99 (med krav om reguleringsplan #R), grøne flatar er LNFR-område og blåe flatar er vassdrag. Flatar med raud skravering, er faresoner for flaum og skred.

## **4.2 Andre føringer for planarbeidet**

- Plan- og bygningslova (2008)
- Naturmangfaldslova (2009)
- Kulturminnelova (1978)
- Vassressurslova (2000)
- Minerallova (2010)
- Retningsline for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2021)
- Statleg retningsline for å styrke barn og unges interesser i planlegginga (1995)
- Statleg planretningsline for samordna bustad,- areal og transportplanlegging (2014)
- Rundskriv H-5718 Samfunnsikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling (2018)
- Samfunnsikkerheit i kommunens arealplanlegging (DSB, 2017)
- Regional plan for klima, energi og miljø for Innlandet fylkeskommune (2023)

## **5. Grusressursen og bruk av grusen.**

I Noregs geologiske undersøking (NGU) sin nasjonale lausmassedatabase og på lausmassekart, ligg masseuttaket/planområdet i eit område med samanhengande dekke av morenemateriale som stadvis har stor mektigkeit.

Sjølve uttaket/ressursen er registrert i NGU sin base over grus- og pukkressursar, som førekomst Skårådalseter – Id 75769. Førekomsten er her (pr. 16.01.2013) vurdert til å ha liten betyding som byggeråstoff, og at omtalt som en rygg av morenemateriale der det tidlegare har teke ut massar. Mektigkeit på stuffen er oppgjeve til om lag 5 m, med anslag av kornfraksjonar: 5 % stein, 30 % grus og 65 % sand. NGU har teke/analysert prøve og feltprøven viser at 70 % består av fraksjonar av sterke bergartar.

Uttaket er drive av veglaget AL Meadalsvegen, og grusen nytta i samband med vedlikehald og reperasjonar av veganlegget. Dei uttekne massane blir knust og sortert på staden. Veglaget leigar da inn knuseverk, og knuste og sorterte massar blir lagra på staden for fleire års forbruk.

Uttaket har til no berre omfatta den delen som ligg på grunn til Graffer. Det er her teke ut grus ned til nivå av Meadalsvegen. På den sørvestre delen som ligg på grunn til Blakar, er det ikkje teke ut grus. Plankontoret har gjort ei massebereking av området som er avglat som område for råstoffutvinning i kommuneplanens arealdel, jf. vedlegg til planforslaget. Masseberekninga er gjort på grunnlag av høgdegrunnlag frå laserskanning i 2013 med 1 m høgdekoter. Med uttak som går ned til nivå 1 m høgare enn Meadalsvegen, er det berekna at det teoretisk ut frå dette høgdegrunnlaget var att 30 514 m<sup>3</sup> masse innafor den delen som ligg på Graffer sin grunn, og 63 399 m<sup>3</sup> masse innafor den delen som ligg på Blakar sin grunn. Ein føresetnad for denne berekninga er at uttaket vert avslutta med skråningar med maksimal stiging 1:1,5, og det er også rekna fråtrekk for eit humuslag/jordlag på toppen med djupne 0,5 m. Ut frå flybilde frå 2020 kan ein ikkje skje at det er særlege endringar av uttaksområdet som er omfatta av masseberekinga. Men i 2023 var det gjort uttak av om lag 4 500 m<sup>3</sup> masse innafor den delen som ligg på Gaffer sin del, slik at attverande mengde masse for uttak på Graffer sin grunn er vorte justert ned til 26 000 m<sup>3</sup>. Ein del av dei massane som vart teke ut i 2023 vart nytta på veganlegget i 2023, medan resten ligg lagra i uttaksområdet for bruk i dei komande åra og er kjøpt av vegselskapet.

Til saman kan det da i teorien bli teke ut til saman om lag 89 400 m<sup>3</sup> masse som potensielt kan nyttast for grusproduksjon innafor arealet som er avlagt som område for råstoffutvinning, dvs. dersom ein ikkje støytar på fjell eller kjem bort i massar som er ueigna for føremålet. I samsvar med Minerallova krev samla uttak på meir enn 10 000 m<sup>3</sup> masse konsesjon før drift kan starte, jf. § 43. Lova set også krav om at det må føreligge driftsplan for uttaket. Det er Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) som gjev konsesjon og godkjenner driftsplan.

Veganlegget AL Meadalsvegen som skal haldast ved like og driftast med grus frå massetaket, omfattar i alt ei strekning med bilveg med grusdekke på om lag 21 km, der om lag 15 km er open for allmenn ferdsel ved betaling av bomavgift.

## **6. Varsel om oppstart av planarbeid.**

Varsel om oppstart av planarbeid vart sendt 27.06.2023, og vart kunngjort på Lom kommune si heimeside og med annonse i avisas Fjuken.

## **7. Innspel og merknadar ved varsel om oppstart av planarbeid.**

Det kom inn 4 uttaler/innspel ved planoppstart. Desse er referert og kommentert under.

### **7.1 Direktoratet for mineralforvaltning, brev 27.06.2023**

Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) viser til at formålet med planen er å regulere området så det kan bli brukt vidare til å hente ut og behandle massar til vedlikehald av veganlegget. Dei skriv at uttak av mineralressursar i mange høve utgjer omfattande inngrep, og at regulering bidreg til å sikre openheit, føreseielelegheit og medverknad for alle interesser og myndigheter, der det blir lagt vekt på langsiktige løysningar og utgreiing av konsekvensar for miljø og samfunn. DMF skriv at deira generelle tilråding er at området kor det skal drivast uttak, blir regulert til arealformålet råstoffutvinning.

DMF viser til Noregs geologiske undersøking (NGU) sin ressursdatabase, der sand- og grusførekomsten Skårådalseter1 er registrert innanfor planområdet. Dei skriv at førekomenst da var vurdert til å ha liten betyding som byggeråstoff, men at det var vist til at det tidlegare var teke ut massar frå førekomensten som er bruk til lokale vegformål.

DMF peikar på at ein mineralressurs er ein ikkje-fornybar naturressurs som berre kan takast ut der den finst naturleg, og at det er viktig at ressursane blir utnytta så optimalt som mogleg, det vil si både i volum og kvalitet. Dei skriv at plandokumenta bør gjere greie for at ressursgrunnlaget for uttaket er til stede. Det inneber ei utgreiing av estimert totalt uttaksvolum og anteke årleg uttak for å estimere levetid, ressursen sin kvalitet og kvalitetsvariasjonar, samt bruksområde og marknad på kort og lang sikt.

DMF peikar på at det gjeld meldeplikt til DMF for samla uttak over 500 m<sup>3</sup> masse til DMF, jf. minerallova § 42. Dei viser til at melding skal sendast inn minst 30 dagar før oppstart av drift og at DMF kan krevje at det skal utarbeidast driftsplan for uttaket.

DMF peikar på at samla uttak på meir enn 10 000 m<sup>3</sup> masse krev konsesjon før drift kan starte, jf. minerallova § 43. dei viser til at søknad skal sendast til DMF og blir deretter sendt på høyring til aktuelle partar og lokale og regionale myndigheter, før konsesjon eventuelt blir gjeve.

DMF skriv at arealavklaringa for masseuttaket skal fastsettast i reguleringsplanen, og gjennom reguleringsføresegna kan det blant anna settast ytre grenser for uttaket, tidsavgrensing og etterbruk. Dei skriv at formålet med reguleringsføresegna bør gå klart fram i planomtalen. DMF oppmodar om at reguleringsplanen ikkje legg føringar for sjølve drifta av uttaket. Dei skriv at årsaka er at ei eventuell endring i drifta kan føre med seg avvik mellom reguleringsplan og driftsplan, som kan innebere ei ny handsaming etter plan- og bygningslova. DMF viser til at eit masseuttak har ofte eit livsløp som går over fleire tiår, og at ein driftsplan er eit dynamisk verktøy for tiltakshavar, og skal kunne endrast i takt med laupande bergfaglege vurderingar og andre driftsrelaterte forhold.

DMF skriv at masseuttak med bratte skrentar kan utgjere ein fare for omgjevnadene, og at den som driv masseuttak som er omfatta av minerallova er ansvarleg for å sikre uttaksområdet. Dei rår til at det blir utforma føresegns som krev at uttaksområdet alltid er forsvarleg sikra.

DMF skriv at dersom det er naudsynt, må det leggjast opp til skjerming av sjølve uttaksområdet. Dei viser til at ein vegetasjonsskjerm kan bidra til å redusere påverknad frå støy og støv, og i tillegg ha ein estetisk funksjon. Dei rår til at skjermingstiltak ikkje blir lagt oppå, men ved sidan av uttaksområdet, da det ikkje skal skje uttak i områder som er regulert til skjermingstiltak. DMF peikar på at det er viktig at det blir sett av tilstrekkeleg areal i reguleringsplanen til både sikrings- og skjermingstiltak, og for tilsyn og vedlikehald av desse.

DMF rår at etterbruk av uttaksområdet blir regulert gjennom føresegns til arealformålet råstoffutvinning på følgjande, eller tilsvarande måte: «Etter avslutta uttak og opprydding skal arealet settast i stand til arealbruken skogbruk (eksempel)»

DMF skriv at det er viktig at kommune og tiltakshavar vurderer korleis området skal utformast etter avslutta drift og kva for formål området skal førast tilbake til. Dei skriv at korleis avsluttinga av uttaksområdet skal gå føre seg og kva slags arealformål uttaket skal bli sett i stand til, vil gi god kopling til DMF si handsaming av søknad om driftskonsesjon.

Kommentarar til uttala frå saksbehandlar:

*Ein merkar seg det DMF skriv og vil følgje det opp ved utarbeidingsa av reguleringsplankart, reguleringsføresegner og i planomtalens. Som det går fram av kapitelet framføre, vil masseuttaket vere av ein slik storleik at det vil krevje konsesjon frå DMF.*

## 7.2 NVE, brev datert 21.08.2023

NVE viser til si kartbaserte vegleiars for reguleringsplan på internett som leiar ein gjennom alle deira fagområde med verktøy og innspel til korleis ein skal ta omsyn til desse tema ved reguleringsplanlegging. Deira innspel er at ein går gjennom denne kartbaserte vegleiaren og nyttar denne i planarbeidet.

Dei viser elles til NVE sine kartløysingar på internett, og skriv at kommunen må vurdere om planen tek omsyn til nasjonale og vesentlege regionale interesser, jf. NVE rettleiar 2/2017.

NVE viser til at klimaet er i endring, og at kommunane må planlegge med tanke på kraftigare nedbør og endra flaum- og skredfare. Dei viser til at dei fylkesvise klimaprofilane er eit viktig kunnskapsgrunnlag når konsekvensar av klimaendringane skal vurderast.

NVE peikar på at dei generelle sikkerheitskrava i byggeteknisk forskrift (TEK17) § 7-1 gjelder for overvann. Dei skriv at kommunen må bestemme kva som er tilstrekkeleg sikkerheit eller bruke NVEs tilråding, jf. kap. 4.1.2 i NVE Veileder 4/2022: Rettleiar for handtering av overvatn i arealplanar: Korleis ta omsyn til vassmengder? NVE skriv at det er viktig å sette av areal til handtering av overvann i det aktuelle planområdet, og at ein alltid skal ta utgangspunkt i overvatnets naturlege vassvegar. Heilskapleg forvaltning føreset at planen og utbygginga tek omsyn til kor vatnet renn og tilpassar seg nedbørfeltets kapasitet til å infiltrere, fordryge og leie vekk vatn.

NVE skriv at faresoner skal visast på plankartet som omsynssoner, og at utbygging skal styrast vekk frå faresoner, eller det må bli planlagd risikoreduserande tiltak (det må settast vilkår). NVE skriv at flaumvegar bør være utgreia og merket på plankartet. Dei viser til NVE sin overvassvegleiar, kap. 4.5, som viser korleis overvatn kan bli innarbeidd i reguleringsplanar med arealformål, omsynssoner, føresegnsområde, føresegner til arealformål og omsynssoner og kor det finnast konkrete eksempel på føresegner.

NVE peikar på at reguleringsplanen må være mogeleg å gjennomføre med tilstrekkeleg sikkerheit, i samsvar med byggeteknisk forskrift, kapittel 7.

### Kommentarar til uttala frå saksbehandlar:

*Ein vil ved utarbeiding av reguleringsplanen vurdere planløysingar i forhold til NVE sin vegleiars for reguleringsplanar og NVE sine kartløysingar. Dei 12 første punkta i vegleiaren omhandlar sikkerheit mot flaum, erosjon, skred og overvatn, og er dei som er relevante å vurdere i samband med dette planarbeidet.*

*Det går ein liten bekk gjennom planområdet på oversida av det arealet som er sett av for råstoffutvinning M99 i kommuneplanens arealdel. Denne er vist med aktsemd for flaumfare på NVE atlas. På kart over dreneringsliner på InnlandsGIS er bekken vist å kunne drenere eit areal på heile 500 – 1000 dekar. Det er også teikna inn at tilsvarande vassmengder er venta å drenere etter Meadalsvegen, fortrinnsvis etter veggrøfta på oppsida av vegen. Ved utarbeiding av reguleringsplanen vil ein ta omsyn til desse flaumvegane og søkje å oppretthalde eller forbetra system der vatnet drenerer i dag. Handtering av overvatnet vil bli ein del av ROS-analysen som blir utarbeidd og som vil følgje planforslaget.*  
*Det er ikkje skredfare i planområde i følgje NVE sine aktsemdskart.*

### **7.3 Statsforvaltaren i Innlandet, brev datert 22.08.2023**

Statsforvaltaren viser mellom anna til at framlegget til reguleringsplan er ei oppfølging av arealbruk fastsett i vedteke arealdel til kommuneplanen. Han viser til at det ikkje er gjort ei ny KU-vurdering som følgjer oppstartvarselet, men at det er lagt ved KU utarbeidd til kommuneplanens arealdel. Statsforvaltaren peikar på at sjølv om eit tiltak er konsekvensutgreidd på kommuneplannivå, vil dette ikkje utan vidare dekke opp KU-behovet for detaljreguleringsnivå dersom det faller innenfor forskriften sitt virkeområde. ...». Statsforvaltaren skriv at det frå deira side likevel ikkje her er opplagt at tiltaket utløyser krav til ny KU-vurdering.

Når det gjeld naturmangfald viser Statsforvaltaren til deira fråsegn og føresetnad for avklaring av motsegn til masseuttaket ved Omondjordet knytt til kommuneplanprosessen, jf. vårt brev 15.09.2022. Statsforvaltaren la her til grunn at dersom kommunen vedtok arealdelen på høyring med bindande føringar for utarbeiding av reguleringsplan og eit forbod mot knusing av massar i perioden frå 15. februar til 30. juni, så ville han ikkje lenger ha motsegn til planforslaget. Statsforvaltaren skriv at han føreset at dette blir følgd opp i framlegg til reguleringsplan, viss ikkje vil det kunne vere i strid med nasjonale miljømål på dette fagområdet. Han ber også om at tilsvarande føringar blir innarbeidd i driftsplan for uttaket.

Statsforvaltaren peikar på at naturmangfaldlovas (nml) prinsipp i §§ 8-12 skal elles leggast til grunn som retningsliner ved offentleg beslutningstaking, og vurderinga skal gå fram av vedtaket. Han ventar at vurderingar etter nml §§ 8-12 blir innarbeidd i planskildringa og/eller i konsekvensutgreiinga, og at det blir teke omsyn til eventuelle naturverdiar gjennom bruk av arealformål og planføresegner. Statsforvaltaren skriv at han ikkje er kjend med førekomst av spesielle verdiar innanfor planområdet utover det han har spilt inn, men at kommunen må likevel vurdere om kunnskapsgrunnlaget er godt nok.

Statsforvaltaren skriv at planforslaget må m.a. sette klare krav til uttaksgrenser, istandsetting og etterbruk. Han føreset at det blir gjort greie for tilkomst til uttaksområdet, og at det må sikrast skjerming av uttaksområdet og ei effektiv tilbakeføring eller tilrettelegging for påfølgjande arealbruk. Vidare at istandsetting etter avslutta uttak må gå inn i reguleringsforslaget. Statsforvaltaren skriv at det vil vere ein fordel om landskapsverknad blir visualisert med bildeanimasjonar frå ulike ståstadar i det kommande planforslaget.

Statsforvaltaren føreset at det blir gjort greie for støy, avrenning og støv frå uttaksområdet. Han viser til at forureiningslova regulerer miljøulemper frå masseuttak gjennom sjølvberande forskrift i forureiningsforskrifta kapittel 30. Statsforvaltaren rår også til at det blir vist til kapittel 30 i forureiningsforskrifta i planføreseggnene, og peikar på at planføresegner også kan skjerpast i høve til krav i forureiningsforskrifta, dersom planstyresmakta ønsker dette.

Statsforvaltaren viser til at det går ein mindre bekk gjennom området, og skriv at denne primært bør få renne urørt gjennom planområdet og sikrast med kantsoner, jf. § 11 i vassressurslova, både i plankart og planføresegner.

Statsforvaltaren skriv at samfunnstryggleiks- og beredskapsmessige forhold skal varetakast i reguleringsplanen på grunnlag av risiko- og sårbarheitsanalyse, jf. plan- og bygningslova §§ 3-1 pkt. h og 4-3. Han føreset at rundskrivet til kommunal- og distriktsdepartementet H-5/18-Samfunnstryggleik i planlegging og byggjesaksbehandling blir lagt til grunn.

Statsforvaltaren peikar på at risiko- og sårbarheitsanalysen skal utarbeidast i tråd med rettleiar Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging som Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap gav ut i 2018.

Statsforvaltaren skriv at kommunen må sikra at planområdet er tilstrekkeleg sikra mot fare eller vesentleg ulempe, og at tiltak ikkje fører til fare eller vesentleg ulempe for grunn, jf. plan- og bygningslova § 28-1.

**Kommentarar til uttala frå saksbeandler:**

*Det vil i planarbeidet gjort ei vurdering av om detaljreguleringa utløyser krav om konsekvensutgreiing(KU) etter KU-forskrifta ut over den KU som vart utarbeidd som del av arbeidet med kommuneplanens arealdel.*

*Ved reguleringsplanarbeidet vil ein leggje til grunn dei føringar som ligg til grunn for planlegging og drift av massetak i området som er nedfelt i kommuneplanens arealdel for området, m.a. det skal vere forbod mot knusing av massar i perioden frå 15. februar til 30. juni.*

*Vurderingar etter nml §§ 8-12 blir innarbeidd i planskildringa og/eller i ei eventuell ny konsekvensutgreiing. Det vil bli teke omsyn til eventuelle naturverdiar i utforminga av planforslag.*

*Ved utarbeiding av planen vil uttaksgrenser, istandsetting, skjerming, avslutting og etterbruk vere sentrale tema som blir behandla og som vil vere naturleg å knyte planførere segner til saman med bruk av arealformål på plankartet. Ein vil søkje å visualisere verknad for landskapet i bildeillustrasjonar som del av planmaterialet.*

*Det skal bli utarbeidd ei ROS-analyse som del av reguleringsplanarbeidet i tråd med vegleiar frå DSB frå 2018. ROS-analysen og eventuelle tiltak som blir føreslege i denne, vil danne grunnlag for at reguleringsplanen blir utforma slik at planområdet blir sikra mot fare og at utbygginga ikkje føre til fare eller vesentleg ulempe for nabogrunn.*

#### **7.4 Innlandet fylkeskommune, brev datert 29.08.2023.**

Innlandet fylkeskommunen (IFK) peikar på at planforslag og tiltak etter pbl § 1-6 som berører overflatevatn og grunnvatn skal vurderast etter miljømåla som er fastsette i regional vassforvaltningsplan for Innlandet og Viken vassregion 2022-2027. dei viser til at det i tillegg har vorte vedteke regionale planar for klima, energi og miljø og samfunnstryggleik for Innlandet fylke. IFK skriv at desse tre planane bør implementerast i planen under kapittelet om regionale føringar og føresegner, og leggjast til grunn i vidare arbeid.

IFK viser til at det renn ein bekk innanfor tiltaksområdet som er ein del av vassførekost 002-2436-R Vulu nedre del bekkefelt, og at plangrensa i aust også kryssar ein bekk frå same

vassførekost. Dei skriv at bekken er registrert med god økologisk tilstand, med berre litt påverknad frå jordbruk og avløpsvatn, og at det er viktig å sikra at arbeidet med massetaket ikkje ringast miljøkvaliteten i bekken. IFK skriv mellom anna at dette inneber å sikra ei god kantsone mellom massetaket og vassdraget. Dei tilrår at det på begge sider av bekken blir sette av ei omsynssone for naturmiljø. I tillegg tilrår IFK å flytta plangrensa i aust slik at den andre bekken blir ekskludert frå planområdet.

IFK viser til at det ca. 35 meter frå plangrensa i sørvest er det registrert eit felt av naturtypen naturbeitemark, med verdikategori "viktig". Dei skriv at registreringa er frå 2008, og det er derfor uvisse om verdiane i dag. IFK skriv at det bør sirklast at arbeidet knytt til masseuttaket, både arbeid på sjølve området og transport, ikkje resulterer i negativ påverknad på naturtypen. Dei skriv at det også bør vurderast om det er behov for sjekk etter verdiar knytt til naturtypen i vestenden av planområdet.

IFK skriv at i følgje arkivopplysninga ikkje finns kjende automatisk freda kulturminne innanfor eller i nærleiken av det aktuelle området. Dei viser til at tiltaket er av relativt avgrensa karakter. Dei skriv vidare at bilete frå flyboren laserskanning over området heller ikkje viser synlege spor etter utmarkskulturminne. Utfrå dette har IFK vurdert det slik at det ikkje trengs å gjerast ei arkeologisk registrering i saka.

Innlandet fylkeskommune skriv at dei likevel må ta reservasjon om moglege kulturminne som ikkje tidlegare er registrert, til dømes kulturminne under markoverflata. Dei skriv at dersom det i samband med tiltak i marka blir oppdaga automatisk freda kulturminne som tidlegare ikkje er kjende, skal arbeidet stansast dersom det kjem i kontakt med kulturminna eller sikringssona på fem meter. IFK skriv at det er viktig at også dei som utfører arbeidet i marka blir gjort kjent med dette. Melding om funn skal straks sendast Kulturarv, Innlandet fylkeskommune, jf. lov om kulturminne § 8, andre ledd.

Kommentarar til uttala frå saksbehandlar:

*Dei regionale planane som IFK nemner, vil gå inn som grunnlag for og gi føringar for det vidare planarbeidet.*

*Ein tek sikte på å sikre at bekken som går gjennom området blir ivaretake i planen i sitt naturleg løp og så langs som mogeleg ikkje vert påverka negativt med omsyn til økologisk tilstand. Ein vil følgje IFK sitt råd om å innsnevre planområdet noko i aust for å ekskludere den andre "bekken" som faktisk er ein del av Sørstrandvassvegen, slik at denne ikkje blir ein del av planområdet.*

*Som IFK skriv ligg det ein naturtypelokalitet (Omondjordet) like vest for planområdet, av type naturbeitemark. Registreringa er frå august 2007 og lokaliteten omfattar delar av gamal seterkve, som er inngjerda for husdyrbeite. Om lag halvparten av naturtypelokaliteten er i AR5 registrert som innmarksbeite og resten er dekt med skog av middels bonitet. Flybilde frå 2020 samanlikna med tidlegare flybilde, viser at området blir meir og meir attgrodde med skog, noko som vil tilseie mindre beitepreg og mindre potensiale for viktige botaniske verdiar. Området mellom naturtypelokaliteten og planområdet ligg utanfor inngjerdinga og er skog av låg bonitet. Arealet er utan beitepreg og har ikkje dei verdiar knytt til vegetasjon som på kvea innafor gjerdet. Avstanden frå naturtypelokaliteten til plangrensa er på det nærmeste 37,5 m og til det som er avsett til område for råstoffutvinning 57,5 m, slik at det er liten risiko for at uttaket vil påverke naturtypelokaliteten og botaniske verdiar knytt til denne.*

*Når det gjeld kulturminne, kjenner heller ikkje kommunen til at det er kulturminneinteresser knytt til planområdet. Ein tek fylkeskommunen si uttale til etterretning, og vil ta inn føresegner knytt til moglege funn av kulturminne som ikkje er kjende som IFK skriv i uttala.*

## 8 Planforslaget ved offentleg ettersyn og høyring.

Planforslaget består av følgjande dokument:

- Reguleringsplankart i målestokk 1:1000 (A3-format)
- Planføresegner
- Planomtale (dette dokumentet)
- ROS-analyse
- Massebereking

Planområdet ligg inntil og omfattar ein del av Meadalsvegen som er privat bomveg. Det har vore grustak innafor planområdet i ei årrekke som har vore avklart i kommuneplanen, men uttaket er ikkje tidlegare regulert. Bakgrunnen for reguleringsplanforslaget er at vegselskapet AL Meadalsvegen ønskjer å fortsette å ta ut grus for bruk til vedlikehald av veganlegg, og at det da er sett krav om utarbeidning av reguleringsplan i kommuneplanen arealdel.

Meadalsvegen er tilkomtsveg til seterområde i Meadalen, Stymme, Solell, Foss og Smådalen, til utmarksteigar og sameigestrekningar til ein rekke gardsbruk, til Søleggen Fjellstugu, til fritidshytter, til bustader i nedre del av vegen og tilkomst inn mot statsallmenningane (Leir- og Bøverdal statsallmenning og Vårdalen statsallmenning). I alt omfattar veganleggget Meadalsvegen ei om lag 21 km strekning med bilveg med grusdekke, der om lag 15 km er open for allmenn ferdsel ved betaling av bomavgift. Frå enden ved Foss og vidare inn til Smådalsetrene er det ein 8 km strekning som er av kategorien traktorveg.


Hovudføremålet med reguleringsplanen, er å få avsett området som kan nyttast for råstoffutvinning og for behandling og lagring av dei massane som blir teke ut. I reguleringsplanen er det vidare nedfelt reglar knytt til drift, utforming og avslutning av uttaket. Av omsyn til naturverdiar/biologisk mangfold i området, har det også vore viktig å tilpasse planen og planføreseggnene i forhold til desse.

Planområdet omfattar om lag 30 dekar og omfattar følgjande forslag til reguleringsformål:

RPAREALFORMÅL	AREAL M <sup>2</sup>	PROSENT
1200: Råstoffutvinning	12 778	42.5
2011: Køyreveg	1 764	5.9
2019: Annan veggrunn - grøntareal	1 289	4.3
5110: Landbruksformål	14 200	47.3
<b>Sum</b>	<b>30 031</b>	<b>100.0</b>

Om lag 11 dekar av arealet er omfatta av faresone for flaum langs ein bekk som går gjennom området.

Forslag til planløysing går fram av plankartet, jf. kartfigur 4 under. For full kartinformasjon viser ein til reguleringsplankartet i A3-format som er vedlegg til saka.



Kartfigur nr. 4. Forslag til reguleringsplankart for Omondjordet massetak.

## 8.1 Reguleringsformål

### 8.1.1 Område for råstoffutvinning.

Reguleringsformålet omfattar arealet som avsett for råstoffutvinning på reguleringsplankartet – og som er vidareført frå arealbruksformålet i kommuneplanens arealdel. Arealet kan nyttast for uttak av massar og for behandling og lagring av lausmasse (grus, stein og sand) med utgangspunkt i ressursane i uttaket - og for bruk på veganlegget Meadalsvegen.

Yttergrensa for masseuttak skal følgje formåls grensa og tilpassast med skråning minst (minst 1:1,5) mot eksisterande terreng. I reguleringsførere segnene er det nedfelt at nedre grense for uttak av attverande massar skal ligge minimum 1 m høgare enn Meadalsvegen. Denne høgdeforskjellen vil gjere ein kan få etablert/oppretthalde grøftesystem langs vegen, og hindre at det trenger vatn inn i uttaket ved stor avrenning nedover langs vegen ved ekstrem eller langvarig nedbør/snøsmelting.

Drift av uttaket skal skje i samsvar med godkjent driftsplan, og det må innhentast konsesjon for å drive uttaket frå Direktoratet for mineralforvaltning (DMF).

I planførere segnene er det nedfelt at drift i massetaket kan skje på kvardagar måndag – laurdag kl. 07:00 – 19:00, men at opplasting og transport skal kunne skje på alle dagar kl. 07:00 - 23:00. Fom. 15.02 tom. 30.06 skal det ikkje gjennomførast støyande aktivitet knytt til knusing og sortering av massar av omsyn til ein freda fugleart som hekkar i nærområdet.

Det vil vere tillate å oppføre midlertidige bygg som er naudsynt for drift av massetaket (arbeidsbrakke, lager for reiskap og liknande). Slike midlertidige bygg krev ikkje søknad eller byggeløyve så lenge det kan godtgjera at det er reelt behov for det midlertidige bygget for drifta av massetaket, jf. byggesaksforkrifa § 4.2. Nærare detaljar med omsyn til dette går fram av reguleringsføresegnene kap. 4.2.1.f. Kommunen kan gi pålegg om at det midlertidige bygget fjernast, dersom det er oppført i strid med formålet eller er til vesentleg ulempe for omgivnaden.

I planføresegnene kap. 4.2.1.e er teke inn i regelverk knytt til støy, utslepp av støv til luft og utslepp til vatn - med visning til dei aktuelle paragrafer i kapittel 30 i forureiningsforskrifta: "Forurensninger fra produksjon av pukk, grus, sand og singel".

Det er også nedfelt i planføresegnene at området ikkje skal nyttast til lagring eller behandling av massar som tilførast utanfrå som betong, asfalt og liknande, og at lagring av skrot og søppel innafor området, ikkje er tillate.

Det er i planføresegnene gjeve regler knytt til drenering for overvatn og grunnvatn. Dersom vatnet ikkje kan infiltrerast i grunnen innafor området, skal vatnet førast til avløp til bekktassdrag. Anlegg for overvatn skal dimensjonerast for framtidig nedbørsauke på 40 %.

I planføresegnene er det også teke inn overordna reglar om opprydding og istandsetting av området når massane ein gong i framtida er teke ut og uttaket blir avslutta. Regelverk knytt til dette vil bli utforma meir i detalj i driftsplanen som må bli utarbeidd for uttaket.

Ein føresetnad i planarbeidet, er at uttaket drivast vidare søraustover frå eksisterande uttak, og at behandlinga og lagring av massane skjer der grusen er teke ut. Regelverk knytt til dette vil bli styrt av driftsplanen. Det vil vere naturleg at massane blir teke ut etappevis, og at verksemda bli flytt søraustover, samstundes som at dei områda der verksemda er avslutta blir sett i stand og revegetert.

Når masseuttaket er avvikla er det nedfelt i føresegnene, at skal arealet nyttast som landbruksområde

### **8.1.2 Køyreveg.**

Reguleringsføremålet omfattar Meadalsvegen som er privat bomveg og er regulert med vegbreidde på 5 m.

Det er regulert 2 avkøyrslar til område for råstoffutvinning BR1 som visast på plankartet. Desse er også vist med pilsymbol for avkørsel, og skal tene både for køyring inn og ut av området. Det er om lag 150 m mellom desse avkøyrslane. Den nordaustre avkøyrsla fører inn til Graffer sin del, og er den som er planlagt å bli nytta for den første delen av uttaksverksemda framover. Når uttaksverksemda flyttar seg sørover, vil det vere naturleg etter kvart å nytte den sørvestre avkøyrsla. Denne fører inn til delen som ligg på Blakar, og når grusverksemda ein gong i framtida berre vil gå føre seg på denne delen, vil det vere praktisk å nytte denne framfor å køyre ut grusen over Graffer sin eigedom. Det vil også vere tenleg i forhold til at ein da etter kvart kan sette i stand og attendeføre Graffer sin del til skogbruksformål år uttaksverksemda der er avslutta.

Når det gjeld handtering av avrenning og overvatn, er det nedfelt i planføresegnehene at det ved utbetring av Meadalsvegen i reguleringsplanområdet, skal denne opparbeidast med stikkrenner og grøfter som er dimensjonert for framtidig nedbørsauke på 40 %.

### 8.1.3 Annan veggrunn – grøntareal.

Reguleringsformålet omfattar sidearealet til Meadalsvegen. Areala skal nyttas til nødvendig grunn inntil vegen for å ivareta veganlegget sin funksjon og samstundes ha eit grønt preg.

### 8.1.4 Landbruksformål.

Areala er avsett for landbruksdrift, dvs. pårekneleg bruk i dag og i framtida er skogbruk. På arealet er det forbode med bygge- og anleggstiltak som ikkje har tilknyting til landbruk.

## 8.2 Omsynssoner.

### 8.2.1 Faresone flaum.

Faresone for flaum H320\_1, omfattar aktsemdsområde for flaum langs bekk gjennom området slik det er vist på kart frå NVE. I faresona er det ikkje tillate med byggetiltak, jf. PBL § 1-6. Ein viser til ROS-analysen som følgjer planforslaget for ytterlegare omtale.

## 9 Innspel og merknadar ved 1. offentlege ettersyn og høyring.

Planforslaget var lagt ut til offentleg ettersyn og høyring i perioden 24.04.24 – 13.06.24. Det kom inn 5 høyringsuttaler i samband med den offentlege høyringa og ettersynet av planforslaget. Utalene er vedlegg til saka. Under er det referert det vesentlegaste frå desse med kommentarar frå saksbehandlar.

### 9.1 NVE, brev 06.05.2024

NVE viser til at det går eit vassdrag gjennom planområdet, nord og øst for uttaksområdet, og at sikkerheit mot flaum er blitt vurdert gjennom ROS. Dei viser til at tiltak er blitt plassert i tryggleiksklasse F1, og at det er lagt inn omsynssone for flaum i tråd med NVE sine aktsemdeskart, med tilhøyrande føresegns i 5.1.1 som skal ivareta sikkerheit for flaum. Innafor omsynssona er det ikkje tillate med byggetiltak, jf. Pbl § 1-6. NVE gir **fagleg råd** om å stryke siste setning i føresegna. Dei skriv at denne delen av føresegna kan lesast som at det likevel er opning for bygging, dersom «*tilstrekkeleg sikkerheit mot flaum eller erosjon ... er tilstrekkeleg dokumentert ivareteke gjennom fagleg tilfredsstillande sikring*». NVE gjer oppmerksam på at rundskriv H-5/18 slår fast at vurdering av naturfare ikkje kan utsetjast til byggessak.

NVE viser til at det i ROS er det vurdert at planområdet ikkje er utsett for fare for snøskred. NVE lanserte landsdekkande kart for snøskred pr 01.06.2023, og at det i det nye aktsemdkartet er nordre del av planområdet vist med fare for snøskred i sikkerheitsklasse S2. Dei skriv at området med fare for snøskred ligg i området som også har fare for flaum. NVE gir fagleg råd om å ta inn aktsemdsområde for snøskred (H310) med tilsvarende restriksjon som for flaum.

Kommentarar frå plankontoret.

*Kommunen tek NVE sine merknadar og faglege råd til etterretning, og legg inn faresone for skred på plankartet i samsvar med aktsemdsområde for snøskred på NVE sitt aktsemdskart.*

*Likeins tek ein ut siste setninga i føresegna knytt til faresonene som NVE tilrår. Teksten når det gjeld faresone for flaumfarelyder lyder da slik: "Faresone for flaum H320\_1, omfattar aktsemdsområde for flaum langs bekk gjennom området, slik det er vist på kart frå NVE. I faresona er det ikkje tillate med byggetiltak, jf. PBL. § 1-6." Tilsvarende for faresone for snøskred: "Faresone for skred H310\_1, omfattar aktsemdsområde for snøskred slik det er vist på kart frå NVE. I faresona er det ikkje tillate med byggetiltak, jf. PBL. § 1-6."*

## 9.2 Lom Fjellstyre, e-post 03.06.2024

Lom fjellstyre skriv at dei ikkje har merknader til planforslaget. Fjellstyret syner til uttale til kommuneplanen sin arealdel, og vil framheve at det er ynskjeleg at eksisterande massetak knytt til drift av setervegar og andre mindre veganlegg i fjellområda våre blir oppretthalde.

Kommentarar frå plankontoret.

*Teke til etterretning.*

## 9.3 Direktoratet for mineralforvaltning, brev 06.06.2024

Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) skriv at det er deira planfaglege råd å ta ut føresegna i 4.2.1 j). Dei viser til at føresegna seier at «*Plan for revegetering og terrengrforming skal bli utarbeidd som ein del av driftsplanen.*» DMF skriv at dei med «driftsplan» her forstår driftsplan etter minerallova. Dei skriv at dersom kommunen ynskjer å legge strengare føringar enn dei som følgjer av minerallova, må kommunen heimle dette i eigen myndighet etter plan- og bygningsloven. DMF skriv at kommunen ikkje kan i legge føringar for innhald i driftsplanen som i føresegna 4.2.1. j), og skriv at føresegna derfor bør takast ut.

DMF viser til at det punkt 4.2.1. c) i føresegna, står det at «*nedre grense for uttak av attverande massar skal ligge minimum 1 m høgare enn Meadalsvegen.*» Dei skriv at dei i utgangspunktet ikkje anbefaler at det settast nedre uttaksgrense for uttak sidan dette kan redusere ressursutnyttinga når det først opnast for uttak. DMF viser til at grensa i dette tilfellet er sett av omsyn til handtering av overvatn, og føresegna kan derfor vere fornuftig.

DMF viser til at det i punkt 4.2.1 g) i føresegna står det at «*det kan bli sett opp gjerde på oversida av der det blir teke ut masse for å unngå at folk dyr kjem utafor brokanten og skadar seg. Nærare reglar om gjerde blir fastsett i driftsplan.*» DMF skriv at dei er einig i at føresegna bør opne for å tillate naudsynt sikringstiltak, men ikkje avgrense aktuelle

sikringstiltak som i dette til felle til berre å vere gjerde. DMF anbefaler at føresegna før følgjande, eller tilsvarande, ordlyd: «*Uttaket skal til ei kvar tid vere forsvarleg sikra*». DMF peikar på at det samtidig skal vere vurdert om det er avsett tilstrekkeleg areal til oppføring, tilsyn og vedlikehald av sikring. Dei viser til at detaljar om konkrete sikringstiltak skal gå fram av driftsplanen og også ivaretakast av sikringsplikta i § 49 i minerallova.

DMF viser til at det i punkt 4.2.1 k) i føresegna står at «*Når uttak og lagring av uttekne lausmassar vert avslutta, skal det gjennomførast opprydding og istandsetting i samsvar med godkjend driftsplan.*» Dei skriv at setninga bør skrivast om slik at den ikkje viser til driftsplanen. DMF skriv at dersom kommunen vil stille eigne krav til avslutting og istandsettinga, må det gjerast i føresegna til reguleringsplanen. DMF skriv at dei vurderer at føringane for avslutning og istandsetting av uttaket, er sett i andre og tredje setning i 4.2.1. k), i tillegg til i bokstav l) og m). Dei peikar på at reguleringsføresegna avklarar etterbruken av arealet til landbruksføremål, med vidare referanse til kva føresegner som gjeld etter avslutta masseuttak. DMF viser også til at de også er sett krav til utforming av terrenget etter avslutta drift. Dei skriv at korleis avslutting av uttak elles følgjast opp frå DMF kjem fram av deira driftsplanrettleiing.

DMF viser til at det i punkt 4.2.1 i) i føresegna står at «*Innafor arealet avsett for råstoffutvinning, må drivar av uttaket sørge for nødvendig drenering for overvatn og grunnvatn.*» DMF vurderer at ordlyden pålegg ein part ansvar. DMF anbefaler kommunen å vurdere om ordlyden i første setning i punkt 4.2.1. i) er gyldig og eventuelt kan takast ut eller formulerast om. Dei peikar på at føresegner skal sette rammene for arealbruken, og skal ikkje pålegge kven som skal utføre tiltaka i planen, og viser til rettleiar for reguleringsplan kapittel 6.2.

#### Kommentarar frå plankontoret.

*Når det gjeld DMF sine kommentarar til føresegna 4.2.1. j), tek kommunen desse til etterretning, og tek ut dette punktet. Ein ser av DMF sin driftsplanrettleiing at driftsplan i medhald av minerallova vil ivareta omsynet til stabile skrånningar og opprydding/istandsetting ved avslutting av uttaket, og vurderer at det da ikkje vil vere behov for å setje krav om plan for terrengforming og revegetering i reguleringsplanen.*

*Når det gjeld DMF sine kommentarar til føresegna 4.2.1. g), tek kommunen desse til etterretning, og endrar ordlyden slik DMF tilrår til: "Uttaket skal til ei kvar tid vere forsvarleg sikra". Ein ser av DMF sin driftsplanrettleiing at driftsplan i medhald av minerallova vil ivareta omsynet til sikring av uttaket både under drift og etter at uttak er avslutta.*

*Når det gjeld DMF sine kommentarar til føresegna 4.2.1. k), tek kommunen desse til etterretning, og endrar teksten til "Når uttak og lagring av uttekne lausmassar vert avslutta, skal det gjennomførast opprydding og istandsetting for bruk til landbruks- skogbruksformål." Ein ser av DMF sin driftsplanrettleiing at driftsplan i medhald av minerallova, vil ivareta nødvendige omsyn ved avslutting av uttaket, og at det ikkje vil vere trong for meir utdjuping i reguleringsplanen. Punktet får endra nummer til 4.2.1 j) etter at opphaveleg j) vart fjerna, jf. kommentarane ovafor.*

*Når det gjeld DMF sine kommentarar til føresegna 4.2.1. i), merker kommunen seg desse og tek ut første setninga. Ein vil likevel ha med seg vidare meir konkrete reglar knytt til*

*overvasshandtering i siste del av kapitelet, slik at teksten vidareførast slik: "Dersom overflatevatn i planområdet ikkje kan infiltrerast i grunnen, skal vatnet førast til avløp til bekkt/vassdrag. Anlegg for overvatn skal dimensjonerast for framtidig nedbørsauke på 40 %."*

#### **9.4 Innlandet fylkeskommune, brev 12.06.2024**

Innlandet fylkeskommune viser til at det føreliggjande forslaget til reguleringsplan er i tråd med kommuneplanens arealdel. Dei skriv at fylkeskommunen hadde nokre generelle tilbakemeldingar ved oppstart som planforslaget har følgt opp. Fylkeskommunen skriv at dei følgjeleg ikkje har vesentlege planfaglege merknader til forslaget.

Fylkeskommunen (Kulturarv) viser til at varslingsplikta etter kulturminnelova § 8, andre ledd er tatt inn i planens felles føresegner. Dei skriv at forholdet til eventuelle ikkje registrerte kulturminne dermed er ivaretatt i planen, og at undersøkingsplikta etter kulturminnelova § 9 seies som oppfylt.

Fylkeskommunen vurderer at deira innspeil til varsel om oppstart, knytt til vasskvalitet og kantsone, delvis er varetekne gjennom omsynssone H320\_1 faresone for flaum. Dei peikar på at denne i hovudsak avgrensa til byggetiltak. Fylkeskommunen foreslår at det blir oppretta ei overlappende omsynssone for naturmiljø for å sikre vassmiljøet i bekken. Alternativt bør omsyn til kantsona leggast inn planføresegna for H320\_1.

Kommentarar frå plankontoret.

*Når det gjeld vassmiljøet i bekken synast ein det vil vere lite tenleg med ei omsynssone som overlappar faresona, da plankartet blir unødvendig vanskeleg å lese. Ein vil da som fylkeskommunen sekundært foreslår ta inn ein tekst i planføresegna for H320\_1 slik: "Vassmiljøet i bekken skal bli ivareteke, og ein skal unngå at det skjer tilslamming og forureining av bekkevatnet."*

#### **9.5 Statsforvaltaren i Innlandet, brev 14.06.2024**

Statsforvaltaren i Innlandet viser til at dei gav innspeil til varsel om oppstart av planarbeidet og peikte der på ulike omsyn vi mente var viktig å sikre i planarbeidet. Dei skriv at dei tykkjer at kommunen/plankontoret har gjort ei særskilt god utgreiing av planen, og at alle forhold dei ga innspeil om er omtalt og avklart på ein god måte. Statsforvaltaren skriv at dei ikkje har ytterlegare merknader til saka.

Kommentarar frå plankontoret.

*Teke til etterretning.*

## **10 Planforslaget ved sluttbehandling.**

Planforslaget ved sluttbehandling består av følgjande dokument:

- Reguleringsplankart i målestokk 1:1000 (A3-format)
- Planføresegner
- Planomtale (dette dokumentet)
- ROS-analyse

- Massebereking


Dei fire første dokumenta er justerte oppdaterte etter det offentlege ettersynet og høyringa.

## 10.1 Endringar på plankartet

Det er ikkje gjort endringar på plankartet med omsyn til reguleringsformål som følgje av det offentlege ettersynet og høyringa av planforslaget, slik at arealtabellen som er vist på side 14 framleis er gjeldande.

Einaste endringa på plankartet er at det er lagt inn faresone for skred H310\_1 i samsvar med nye aktsemndskart for snøskred frå NVE som kom i 2023. Dei nye aktsemndskarta for snøskred er laga med grunnlag i ein meir detaljert terrenghmodell. I NVE sine tidlegare aktsemndskart låg ikkje planområdet i fareområde for skred. Faresona for skred H310\_1, overlappar dels faresona for flaum H320\_1. Samla vil da faresonene omfatte eit areal som er 376 m<sup>2</sup> større enn i høyringsforslaget, dvs. til saman eit areal på 11 388 m<sup>2</sup> - noko som er om lag 38 % av arealet i planområdet.

Reguleringsplankartet slik det ser ut ved framlegging av planen for sluttbehandling er vist i kartfigur 5 under. For full kartinformasjon viser ein til reguleringsplankartet i A3-format som er vedlegg til saka.



Kartfigur 5. Reguleringsplankart med endringar etter offentleg ettersyn og høyring.

## **10.2 Endringar i reguleringsføresegnene**

I planføresegnene er det gjort endringar på nokre punkt:

- Det er i føresegnenes kap. 5.1, lagt inn føresegn knytt til faresone for skred, H310\_1 (jf. endringa omtalt for plankartet over). Etter faglege råd frå NVE er føresegnene i kap .5.1 endra slik at det er heilt klart at oppføring av bygg ikkje er tillate i faresonen for skred (H310\_1) og for flaum (H320\_1). For nærmere omtale av desse endringane viser ein til kapitel 9.1 over.
- Etter faglege råd og merknadar frå Direktoratet for mineralforvaltning, er det gjort endringar i føresegnene kap. 4.2.1 - Område for råstoffutvinning - som er knytt til kva for tema/forhold som er rett/tenleg å regulere etter plan- og bygningslova og kva for regelverk som i staden bør inngå i ein framtidig driftsplan for uttaket etter Minerallova sitt regelverk. For nærmere omtale av desse endringane viser ein til kapitel 9.3 over.
- Etter merknad frå Innlandet fylkeskommune, er det gjeve eit tillegg i føresegnene kap. 5.1.2 for å ivareta vassmiljøet i bekken som går gjennom faresona for flaum H320\_1. For nærmere omtale av desse endringane viser ein til kapitel 9.4 over.

## **10.3 Endringar i planomtalen**

Planomtalen (dette dokumentet) er supplert med kapitela:

- Kap. 9 Innspel og merknadar ved 1. offentlege ettersyn og høyring
- Kap 10 Planforslaget ved sluttbehandling
- Kap 11.11 Verknadar for samfunnstryggleik – m.a. med grunnlag i at det er lagt inn faresone for skred.

## **10.4 Endringar i ROS-analysen**

ROS-analysen er gjeve tillegg/endra som følge av at NVE sitt nye aktsemndskart for snøskred frå 2023, visar at delar av planområdet ligg i faresone. Det er gjort ei vurdering av sårbarheit for snøskred i kap. 4.2.6 og vurdert risiko og konsekvens i kap. 5.3 (DSB-skjema).

# **11 Verknadar av planforslaget.**

## **11.1 Utløyser reguleringsplanlegginga krav om konsekvensutgreiing?**

Arealet som det i reguleringsplanen blir føreslege regulert som område for råstoffutvinning i denne planen, ligg i kommuneplanen sin arealdel som "Område for råstoffutvinning" M99. Planforslaget omfattar elles regulering av ein mindre strekning av Meadalsvegen, som ligg som samferdselsline "Samleveg" kommuneplanens arealdel. Arealet elles er LNFR-formål i kommuneplanen, og er lagt ut med reguleringsformål "Landbruk" i reguleringsplanforslaget. Reguleringsplanforslaget må derfor seiast og vere godt i samsvar med kommuneplanen.

Det var gjennomført konsekvensutgreiing for området M99 for råstoffutvinning i samband med kommuneplanens arealdel. Rettleiar til KU-føresegna og kapittel 5.4 seier «... Selv om konsekvensene av ny eller endret arealbruk er utredet på et overordnet nivå, skal konsekvenser av det konkrete utbyggingsforslaget likevel utredes på detaljregulerings-nivå dersom det faller innenfor forskriften sitt virkeområde. ....». Kommunen vurderer at forslaget om regulering, er heilt i samsvar med det som er fastsett i kommuneplanens arealdel. Ein vurderer såleis at utbygginga ikkje fell inn under tiltak som alltid skal bli konsekvensutgreia

og ha planprogram eller melding, jf. KU-forskrifta § 6 a og som er omfatta av tiltak i Vedlegg I. Vedlegg I punkt 19 omfattar uttak av malmar, mineralar, stein, grus, sand, leire eller andre masser dersom minst 200 dekar sama overflate blir råka eller samla uttak omfattar meir enn 2 millionar m<sup>3</sup> masse. Uttaket som ligg i planforslaget for Omondjordet omfattar ei overflate på 12,8 dekar, og potensielt uttaksmengde 89 400 m<sup>3</sup> masse, slik at det i storleik kjem langt under det som er nedfelt i punkt 19.

Mindre uttak av massar omfattast av Vedlegg II nr. 2a til KU-forskrifta. Tiltaket fell inn under KU-forskriftas § 8 a. som seier: "*Følgende planer og tiltak skal konsekvensutredes hvis de kan få vesentlige virkninger etter § 10, men ikke ha planprogram eller melding a. reguleringsplaner for tiltak i vedlegg II. Unntatt fra dette er reguleringsplaner der det konkrete tiltaket er konsekvensutredet i en tidligere plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidligere planen*".

Sidan kommunen vurderer at forslaget om regulering, er heilt i samsvar med det som er fastsett i kommuneplanens arealdel, og arealbruken er konsekvensutgreidd tidlegare på kommuneplannivå, står det da likevel att ei vurdering av om planen/tiltaket skal bli konsekvensutgreidd meir grundig på detaljplannivå ut frå om framtidig utbygging kan få vesentlege verknadar for miljø eller samfunn, § 10. I dette planområdet er det drevet masseuttak i mange år med heimel i kommunedelplan/kommuneplan. Storleiken på det området som blir omfatta av uttaket, vil bli utvida etter kvart som masser blir teke ut, men gjennomsnittleg årleg uttak av grus for å vedlikehalde veganleggset Meadalsvegen vil ikkje bli særleg endra i forhold til i dag. Forutan at det visuelle intrykket vil endre seg ved at storleiken på uttaket aukar, er det ikkje venta at drifta av uttaket vil medføre større ulemper og miljøbelastning enn i dag.

I KU til kommuneplanen var landskapsverknaden av masseuttaket M99 - Omondjordet – vurdert å ha "Liten negativ konsekvens". Vurderinga var at landskapet kring uttaksområdet var vurdert ikkje å ha landskapsverdiar ut over det normale. Uttalets si avgrensa storleik og lokalisering inntil veganleggset, saman med at uttaket ligg forholdsvis godt skjerma av terrengrformasjonar og skog, gjorde at ein vurderte at skadeverknadane i forhold til landskapsverknaden var liten. Når uttaket no bli regulert og får ein godkjent driftsplan som truleg vil fastsette ei etappevis utnytting av uttaket, vil det borge for at uttaket ikkje vil føre til vesentlege negative verknadar for landskapet. Med bakgrunn i dette meiner plankontoret det ikkje vil vere påkravd med ein ny konsekvensutgreiing på detaljplannivå av omsyn til landskapsomsyn, med vising til § 10 pkt. b i KU-forskrifta som mellom anna nemnar opp "verdifulle landskap" som eit moment som skal vurderast i forhold til krav om konsekvensutgreiing. Plankontoret meiner at det vil vere tilstrekkeleg at verknadane for landskap blir nærmere behandla i denne planomtalen.

Statsforvaltaren varsla ved 1. gongs offentleg ettersyn og høyring ved behandling av kommuneplanens arealdel i 2022 motsegn mot massetak M99 – Omondjordet M99 med grunnlag at han meinte uttaket var i konflikt med naturmangfald. Det er uttaket si lokalisering forholdsvis nær hekkelokalitet og innafor leveområde for ein freda fugleart som var hovudgrunnlaget for motsegna frå Statsforvaltaren. Det vart da satt spesielt fokus på denne problemstillinga både frå kommunen og frå Statsforvaltaren si side. For å ivareta omsynet til fuglearten, kom ei fram til ei løysing der kommuneplanen vart vedteke med bindande føringar for utarbeiding av reguleringsplan for masseuttaket som skulle innehalde forbod mot knusing

av massar i perioden frå 15. februar til 30. juni. Statsforvaltaren hadde da ikkje lenger motsegn til planforslaget med grunnlag i dette. Med bakgrunn i dette meiner plankontoret det ikkje vil vere påkravd med ein ny konsekvensutgreiing på detaljplannivå av omsyn til hekkeområdet/leveområdet for fuglearten, med vising til § 10 pkt. a og b i KU-forskrifta som mellom anna nemnar opp "prioriterte arter" og "truga arter" som moment som skal vurderast i forhold til krav om konsekvensutgreiing. Plankontoret meiner at det vil vere tilstrekkeleg at verknadane for den "prioriterte arten", som i nasjonal raudliste for arter for 2023 reknar bestanden som livskraftig og ikkje lenger truga, blir nærmere behandla i denne planomtalen.

Plankontoret har også vurdert om planen kan få vesentlege verknadar for miljø eller samfunn i forhold til dei andre omsyn som er nemnt i § 10 KU-forskrifta, især pkt. f, g og h som vurderast å vere dei aktuelle i denne saka. Når det gjeld eventuelle verknadar i forhold til vatn-/luftforureining (herunder støy og støvutslepp), og risiko for alvorlege ulykker som følge av naturfarar som ras, skred eller flaum, er desse tema nærmere behandla i ROS-analysen som følgjer reguleringsplanforslaget. Det er i ROS konkludert med at planen ikkje vil medføre forureining som vil gi vesentlege skadeverknadar, eller at naturfarar vil medføre risiko for alvorlege ulykker. Plankontoret meiner at det ut frå dette, vil vere tilstrekkeleg at verknadane med omsyn til desse forholda, behandlast i ROS-analysen og omtalast i denne planomtalen, og ikkje krev nærmere konsekvensutgreiing på detaljplannivå.

## 11.2 Verknadar for naturmiljø og naturmangfald.

For all utøving av offentleg mynde som rører naturmangfald følger det av naturmangfaldlova (nml.) § 7 at prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 skal bli lagt til grunn.

I samsvar med naturmangfaldlovas § 8 skal kunnskapsgrunnlaget av naturmangfald og naturverdiar baserast på vitakapleg kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypens utbreiing og økologisk tilstand. Den hekkelokaliteten for den freda fuglearten som er nemnt framføre ligg om lag 1 km frå planområdet, medan leveområdet er stort og omfattar også planområdet. Det er ingen elles ingen registreringar i Artsdatabanken av truga/sårbare artar i eller nær planområdet. Kommunen har ikkje sjølv kunnskap om at det førekjem truga eller sårbare artar eller at det er knytt viktige naturverdiar til planområdet. I Naturbase ligg det ein naturtypelokalitet (Omondjordet) like vest for planområdet, av type naturbeitemark.

Registreringa er frå august 2007 og lokaliteten omfattar delar av gamal seterkve, som er inngjerda for husdyrbeite. Om lag halvparten av naturtypelokaliteten er i AR5 registrert som innmarksbeite og resten er dekt med skog av middels bonitet. Flybilde frå 2020 samanlikna med tidlegare flybilde, viser at området blir meir og meir attgrodd med skog, noko som vil tilseie mindre beitepreg og mindre potensiale for viktige botaniske verdiar. Avstanden frå naturtypelokaliteten til plangrensa er på det nærmaste 37,5 m og til det som er avsett til område for råstoffutvinning 57,5 m, slik at det er liten risiko for at uttaket vil påverke naturtypelokaliteten og botaniske verdiar knytt til denne direkte. Støvflukt frå drift i massetaket vil kunne nå naturtypelokaliteten. Det er skog i området mellom naturtypelokaliteten og planområdet. Dette arealet er utan beitepreg og har ikkje dei verdiar knytt til vegetasjon som på kvea innafor gjerdet. Det vil med etappevis uttaket drift av frå nordaust mot søraust alltid vere ein brotkant som skjermar mot naturtypelokaliteten i tilegg til skogen. Drifta av uttaket er avgrensa, og vinddraget er normalt nedover dalen, slik at plankontoret vurderer at det vil være svært liten risiko for at støvflukt frå uttaket vil påverke naturtypelokaliteten og botaniske verdiar knytt til denne. Viltkart viser at planområdet ligg

innafor eit stort område som beiteområde for elg, hjort og rådyr, men fortsett drift av uttaket på nokon lunde same nivå som i dag, blir vurdert å ikkje påverke desse artane. Plankontoret vurderer at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg for dette planarbeidet.

Føre-var prinsippet etter § 9 i naturmangfaldslova skal bli nytta i dei tilfella der ei avgjerd kan bli fatta utan tilstrekkeleg kunnskap om kva for verknad denne vil ha på naturmiljøet. I slike tilfelle skal ein unngå mogeleg vesentleg skade på naturmangfaldet. Ved behandlinga av kommuneplanens arealdel i 2022, vart det satt spesielt fokus på problemstillinga kring den forholdsvis nære lokalisering av planområdet i forhold til hekkelokaliteten til den freda fuglearten både frå kommunen og frå Statsforvaltaren si side. Statsforvaltaren skreiv at dei har gjort ei grundigare vurdering av området og kva som skal til for å forstyrre den aktuelle arten som har tilhald i nærområdet, og deira konklusjon var at avstanden til hekkelokaliteten så vidt er stor nok til at det er sannsynleg at den vil tote aktivitet knytt til uttak av masser, som graving og transport, men at det ville vere naudsynt å setje restriksjonar i forhold til meir støyande aktivitet som knusing av massar. Det resulterte i at kommuneplanen vart vedteke med bindande føringar for utarbeiding av reguleringsplan for masseuttaket som skulle innehalde forbod mot knusing av massar i perioden frå 15. februar til 30. juni for ikkje å forstyrre hekkinga. Denne løysinga inneberer at ein reknar at føre-var prinsippet er vurdert tilstrekkeleg i forhold til problemstillinga knytt til den freda fuglearten. Da ein over har vurdert kunnskapsgrunnlaget som godt nok, og planforslaget elles er vurdert til ikkje å vesentleg påverke viktige naturtypar eller arter, vurderer ein ikkje føre-var prinsippet relevant i forhold til den videre behandlinga av planforslaget.

Etter § 10 skal den planlagde bruken av området vurderast ut frå samla belastning som økosystemet er eller vil bli utsett for. Planforslaget er vurdert til ikkje å gi nokon vesentleg belastning for økosystemet. I nærleiken har det skjedd utbygging av småkraftverk i Vulu. Inntaket av vatnet er lokalisert nærmere hekkeplassen for den freda fuglearten enn massettaket. Ein vurderte i konsekvensutgreiinga som vart utført av Rådgivende Biologer AS, at anleggsarbeidet knytt til bygging av kraftverket ville vere negativt for den freda fuglearten, men at kraftverket i driftsfasen truleg ikkje ville ha verknad for fugl eller pattedyr da anlegget i liten grad medfører tap av leveområde. Utbygginga er avslutta, og kraftverket er no godt inn i driftsfasen. Ein kjenner ikkje til annan mogeleg vesentleg belastning ein dette i området som må ses i samanheng med tiltaka i planforslaget. Plankontoret si vurdering av samla belastning ut frå dette, er at økosystemet ikkje å ta varig skade av masseuttaket med slik drift og med dei avgrensingar det leggast opp til i reguleringsplanforslaget.

Plankontoret reknar ut frå det som er skrive over, at dei planlagde tiltaka som er omfatta av planforslaget, ikkje vil føre til slik vesentleg skade på naturmangfaldet i dag eller i framtida. at vurdering av dekking av kostnader ved miljøforringing blir relevant (jf. § 11 i nml.).

Formålet med § 12 er å ta sikte på å unngå eller avgrense skader på naturmangfaldet. Dette skal man gjere gjennom å ta utgangspunkt i slik teknikk og lokalisering som, ut i frå vurderinga av dei andre prinsippa, både tar omsyn til naturen og til samfunnsøkonomiske prinsipp. Ein vurderer at anleggsverksemdund som må utførast ved drifta av masseuttaket i samsvar med planforslaget, vil bygge på kjend teknikk, vil vere forholdsvis lite omfattande og føreseieleg og vil ivareta dei omsyn som § 12 er meint å ivareta. Når det gjeld vurdering av eventuelt alternative lokalitetar for grusuttak til Omondjordet, vart det i samband med arbeidet med kommuneplanens arealdel, etter innspel frå nokre setereigarar, vurdert ei

alternativ lokalisering av eit masseuttak noko lengre inn i Meadalen. Lokaliteten ligg mykje meir ope til i område med fjellbjørkeskog i nærleiken av Soleggen fjellstugu, og det har vore teke ut noko grus tidlegare. Her er det ein større breetlavsetning som ligg inne som ressurs i NGU sin grusdatabase. Området ligg nærmere lokaliteten for den freda fuglearten, og skadeverknaden for naturverdiar og biologisk mangfald elles, ville også truleg ha vorte større her enn for det allereie eksisterande uttaket ved Omondjordet. Dei andre kartlagde grusførekomstane i NGU sin grusdatabase i området Meadalen-Smådalen, ligg i ope fjelldereng lengre inn i dalen (det nærmeste ved setergrenda Solell), og skadeverknadane for naturverdiar/biologisk, landskap, friluftsliv mm. vil med alt sannsyn bli større her enn for Omondjordet. Dei nærmaste grusførekomstane som er kartlagd nede i bygda, er i vassdrag ved Vulu si munning ved Garmo og Bøvre sitt utløp ved Fossbergom. For begge desse er det knytt verdiar til biologisk mangfald, og transporten til Meadalen vil bli lang.


### **11.3 Verknadar for landskap.**

Reguleringsplanforslaget inneberer at området som i dag nyttast for uttak, behandling og lagring av masser blir utvida og vil flytte seg sørvestover etter kvart. I KU til kommuneplanen var landskapet kring uttaksområdet vurdert ikkje å ha landskapsverdiar ut over det normale. Det er forholdsvis små mengder masse som årleg blir teke ut for vedlikehald/reparasjon av Meadalsvegen, og ein driftsplan vil venteleg ha føresetnadar om etappevis drift av uttaket. Med etappevis drift sørvestover frå dagens uttak, vil det vere naturleg å setje i stand og tilbakeføre til landbruksformål areal i den nordaustre delen av uttaksområdet etter kvart som uttaket flytter seg sørvestover – dette for både å redusere negativ landskapsverknad og for få arealet attende til skogproduksjon. Lokalisering inntil veganlegget, saman med at uttaket ligg forholdsvis godt skjerma av terrengramasjonar og skog, gjer at ein vurderer at skadeverknadane av uttaket i forhold til landskapsverknaden er liten. Som nemnt ovafor var det i samband med arbeidet med kommuneplanens arealdel, vurdert ei alternativ lokalisering av eit masseuttak noko lengre inn i Meadalen i nærleiken av Soleggen fjellstugu. Denne lokaliteten ligg mykje meir ope til i område med fjellbjørkeskog, og skadeverknaden for landskapet ville ha vorte langt større her enn for uttaket ved Omondjordet.

I nærområdet har det skjedd eit arealinngrep parallelt med Meadalsvegen forbi planområdet i tilknyting til kraftutbygginga i området. Det er her grove ned røyr med (dimensjon 1000 mm) i ein trase som leiar vatn frå inntaksdammen der Svarva kjem ut i Vulu til kraftverket ved Graffer. Det er her hogd ut ei gate i skogen og bygd anleggsveg i samband med dette arbeidet. Anleggsvegen skal fjernast og gata revegeterast på det meste av den 3,4 km lange strekninga med røyrgate. Nedfor masseuttaket Omondjordet, skal likevel anleggsvegen tene som permanent tilkomstveg til inntaket og traseen vil stå fram som eit permanent inngrep.

Når det gjeld landskapsverdiar, er det ofte fokus på at seter- og beitebruk er positivt og ofte avgjerande, for å oppretthalde natur- og kulturlandskapet i den tilstand som det er i dag. Meadalsvegen er viktig tilkomst for setereigarar og beitebrukarar, og det er viktig at er tilgang på grusressursar for vedlikehald og reparasjon av vegen. Tilgang til grus nær veganlegget, er viktig for å halde driftskostnadane nede. Å legge til rette for eit leveleg kostnadsnivå for er avgjerande for å halde beitebruken og desse verdifulle natur- og kulturlandskapa i hevd.

For å illustrere landskapsverknaden av tiltaket, er planområdet i dei tre illustrasjonane under plassert inn i 3D-kart frå løysinga "Norge i 3D" - sett frå forskjellige ståstedader/ retningar.



3D-figur 1: landskapet kring planområdet sett mot sørvest. Kjelde Norge i 3D – Norkart.



3D-figur 2: landskapet kring planområdet sett mot nordaust. Kjelde Norge i 3D – Norkart.



Vedlegg 1 - 3D-figur 3: landskapet kring planområdet sett mot nord. Kjelde Norge i 3D – Norkart.

## 11.4 Verknadar for kulturminne og kulturmiljø.

Kulturvernavdelinga i fylkeskommunen skriv at det ikkje er det ikkje er arkivopplysningar om kjente automatisk freda kulturminne innafor eller i nærlieken til planområdet. Dei viser til at tiltaket er av relativt avgrensa karakter, og at bilete frå flyboren laserskanning over området, heller ikkje viser synlege spor etter utmarkskulturminne. Utifra dette har IFK vurdert det slik at det ikkje trengs å gjera ei arkeologisk registrering i saka.


Slik området er lokalisert og den kunnskap kommunen sjølv har om området, kjenner ein ikkje til at det kulturminneverdiar på dette arealet. Kommunen vurderer at det er svært lite sannsyn for at vidare utnytting av grusførekomsten i samsvar med reguleringsplanen, vil råke interesser knytt til kulturminne og kulturmiljø.

Elles gjeld den generelle aktsemndsplikta i kulturminnelova § 8 - 2.ledd, dvs. at dersom der i anleggsperioden blir avdekk funn av kulturminne, skal kulturvernminnemyndigheita straks bli varsle og arbeidet stansast i den utstrekning det kan røyre ved kulturminnet.

## 11.5 Verknadar for jord- og skogbruk.

Reguleringsplanforslaget inneberer at areal som er avsett for råstoffutvinning ein gong i framtida skal attendeførast til landbruksformål, slik at landbruksformål som disponerast for uttak, behandling og lagring av masser eigentleg blir mellombels disponert for føremålet.

Kartet under viser korleis arealet i planområdet er registrert i digitalt markslagsregister AR5.



Kartfigur nr. 6: Markslag i planområdet i følgje AR5.

Ein driftsplan som skal godkjennast av Mineraldirektoratet vil venteleg ha føresetnadar om etappevis drift av uttaket. Med etappevis drift sørvestover frå dagens uttak, vil det vere naturleg å setje i stand og tilbakeføre til landbruksformål areal i den nordaustre delen av uttaksområdet etter kvart som uttaket flytter seg sørvestover slik at arealet blir tilbakeført for bruk til skogformål.

Arealet som er føreslege avsett for råstoffutvinning i planforslaget er 5,3 dekar nytt som masseuttak i dag. I AR5 er dette arealet registrert som jorddekt fastmark. Av resten av arealet som er føreslege for råstoffutvinning er 1,9 dekar skog av middels bonitet og 5,6 dekar skog av låg bonitet. Om lag 3 dekar av arealet i planområdet er føreslege avsett for samferdselsformål, dvs. køyreveg og sideareal til vegen (veggrøft, vegskjering og vegskråning. Det vil legge beslag på om lag 1,3 dekar som rekna som skog i AR5 i dag utanom det arealet som er rekna som samferdselsformål i markslagsregisteret i dag. Utanom dette er arealet føreslege regulert for landbruksformål. Det er ikkje areal i planområdet som er dyrka eller er rekna som dyrkbart.

Tabellen under viser kva for formål areala er føreslege regulert som i forhold til korleis dei er registrerte i AR5.

Reguleringsformål	AR5 Sam- ferdsel	AR5 Skog			AR5 – Jord- dekt fast- mark/ Imp.	Sum areal i m <sup>2</sup>
		Låg bonitet	Middels bonitet	Høg bonitet		
1200: Råstoffutvinning		5558	1916		5304	12778
2011: Køyreveg	1169	120	325		150	1764
2019: Anna veggrunn - grøntareal		255	667		367	1289
5110: LNF - Landbruk		3056	10619		525	14200
<b>Sum</b>	<b>1169</b>	<b>8989</b>	<b>13527</b>	<b>0</b>	<b>6346</b>	<b>30031</b>

Areala som blir føreslege regulerte for råstoffutvinning i reguleringsplanen blir av plankontoret ikkje vurderte som produksjonsareal av stor betydning for landbruksverksemd. Og areala skal som nemnt attendeførast til landbruksformål, dvs. mest sannsynleg for skogproduksjon, etter kvart som grusressursane blir utnytta.

Det er tamreindrift i fjellområda kring masseuttaket i regi av Lom Tamreinlag. Det er på det nærmeste om lag 1 km inn til deira konsesjonsområde, og dei nærmaste områda til masseuttaket er registrert som beiteområde for reinen om hausten. Uttaksområdet ligg så langt unna at aktiviteten i uttaksområdet ikkje er vurdert å forstyrre reinen. Meadalsvegen er viktig tilkomstveg inn til konsesjonsområde for tamreindrifta.

Både for landbruksnæringa og reindriftsnæringa i området er det viktig at er tilgang på grusressursar for vedlikehald og reparasjon av Meadalsvegen med omsyn til transport av avlingar og gjødsel, transport av beitedyr, tilsyn av dyr, samling av dyr, skogsdrift osv. Å ha tilgang til grus nær veganlegget, er viktig for å halde kostnadane nede, og i nokon grad kan gardbrukarane nytte eigne maskinar og utstyr i uttaket og for transport ut på veganlegget. Veganlegget blir i stor grad drifta av setereigarane og beitebrukerane på dugnad. Rekneskap ein har tilgang til for veganlegget, viser at bominntektene ikkje strekk til slik


vedlikehaldskostnadane medfører direkte utgifter for den enkelte gardbrukar/medeigar i veglaget i tillegg til dognadsinnsatsen som vert lagt ned.

## 11.6 Verknadar for geologiske og hydrologiske ressursar.

Grusressursen er nærmere omtala i kapitel 5. Som nemnt der har plankontoret gjort ei massebereking av området som er avgjort som område for råstoffutvinning, jf. vedlegg til planforslaget. Det er berekna at det etter uttaka som var gjort i 2023, teoretisk er att 890 400 m<sup>3</sup> masse, dvs. dersom ein ikkje støytar på fjell eller kjem bort i massar som er ueigna for føremålet. Ein føresetnad for denne berekninga er at uttaket vert avslutta med skråningar med maksimal stiging 1:1,5, og det er også rekna fråtrekk for eit humuslag/jordlag på toppen med djupne 0,5 m. I reguleringsføresegne pkt. 4.2.1 c) er det nedfelt at nedre grense for uttak av attverande massar skal ligge minimum 1 m høgare enn Meadalsvegen. Denne høgdeforskjellen vil gjere ein kan få avgrensa uttaket klart frå veganlegget og at ein får etablert/oppretthalde grøftesystem langs vegen som hindrar at det trenger vatn inn i uttaket ved stor avrenning nedover langs vegen ved ekstrem eller langvarig nedbør/snøsmelting.

Med uttak som går ned til nivå 1 m høgare enn Meadalsvegen, er det berekna at det er att 26 014 m<sup>3</sup> masse innafor den delen som er att på Graffer sin grunn, og 63 399 m<sup>3</sup> masse innafor den delen som ligg på Blakar sin grunn, dvs. til saman 89 413 m<sup>3</sup> masse. Dette set nokon avgrensingar i forhold til potensiell maksimal utnytting av grusressursen, men vurderast fullt ut forsvarleg ut frå behovet for grusmengder som trengs for vedlikehald og reparasjonar av Meadalsvegen – samstundes som det tek i vare omsynet til overvasshandtering i forhold til vegen. Masseberekinga der botn av uttaket er heva til 1 m over høgdenivået for Meadalsvegen er vist på neste side

Ei slik grense for nedre uttak vil gjere at uttaket blir klart avgrensa mot vegen, og også gjere det enklare å få samla inn- og utkøyring mot vegen på ein plass. Under er det vist eit eksempel på tverrprofil i uttaket som illustrerer grunnlaget for utrekning av uttaksmengder og verknaden ved å heve nedre grense for botn av uttaket.



Figuren viser eit tverrprofil av det planlagde uttaket (PF100) som illustrerer grunnlaget for utrekning av uttaksmengder og verknaden ved å heve nedre grense for botn av uttaket.

Det er nødvendig å knuse massane i uttaket for nytting av denne til grusing av vegen. Veglaget leigar inn entreprenør for å utføre knusing/sortering. Til vanleg er det vanleg å knuse massar for fleire års forbruk og å lagre denne i uttaket for utkøyring seinare. Som regel er det knust 2500 – 3000 m<sup>3</sup> om gongen, som da normalt dekkjer forbruket i 3 år.

### 11.6.1 Massebereking.

#### Potensiale for massar som kan takast ut i samsvar med reguleringsplanforslaget.

Føresetnad for berekninga: Det er masseberekna for arealet som er avsett for råstoffutvinning i kommuneplanens arealdel - som er vidareført i reguleringsplanforslaget. Det er ein føresetnad at uttaket avsluttast med skråningar mot kringliggende areal med stigingsforhold 1:1,5. Ein tek utgangspunkt i at det kan takast massar ned til høgdenivå 1 m over Meadalsvegen. Det er gjort fråtrekk for øvste lag av humus/jorddekke (0,5 m). Det er også gjort fråtrekk for uttak av 4500 m<sup>3</sup> masse i 2023. Det er rekna at ein ikkje støytar på fjell.

Profil nr.	Areal av profil ned til nivå med vegen m <sup>2</sup>	Fråtrekk for heving av uttaksnivå 1 m opp	Masse i m <sup>3</sup> der botn av uttaket ligg 1 m over vegen	Profil nr.	Areal av profil ned til nivå med vegen m <sup>2</sup>	Fråtrekk for heving av uttaksnivå 1 m opp	Masse i m <sup>3</sup> der botn av uttaket ligg 1 m over vegen
PF000	41,5	3,3		PF080	367,5	39,0	
			946				6 179
PF010	63,6	7,2		PF090	327,9	38,5	
			1 028				6 002
PF020	52,4	6,0		PF100	351,4	40,6	
			1 729				6 916
PF030	139,5	13,0		PF110	426,5	45,7	
			3 603				8 116
PF040	253,8	20,0		PF120	474,5	43,7	
			5 215				8 582
PF050	310,8	23,1		PF130	470,5	43,1	
			6 073				8 657
PF060	345,3	25,7		PF140	478,8	40,5	
			6 789				8 520
PF070	393,5	34,2		PF150	452,5	38,8	
			6 878				7 453
PF080	367,5	39,0		PF160	343,9	12,3	
							4 585
<i>Sum Graffer sin del:</i>		32 261		PF170	126,9	0,0	
<i>Fråtrekk for humuslag (djupne = 0,5 m, areal 3494 m<sup>2</sup>)</i>			-1 747				1 269
<i>Fråtrekk for uttak i 2023</i>			-4 500	PF173.1	0		
<b>Graffers del korrigert</b>			<b>26 014</b>	<i>Sum Blakars sin del:</i>			<b>66 279</b>
				<i>Fråtrekk for humuslag (djupne = 0,5 m, areal 5761 m<sup>2</sup>)</i>			<b>2 881</b>
				<b>Blakars del korrigert</b>			<b>63 399</b>

**Sum Graffer og Blakars del**

**89 413**

Utnytting av grusressursen er vurdert til å ikkje råke grunnvassressursar. Det er ikkje registrert grunnvassbrønnar i eller nær uttaksområdet.

## 11.7 Verknadar for trafikktryggleik og trafikkavvikling.

Planområdet ligg ved Meadalsvegen som er privat bomveg. Meadalsvegen er tilkomstsveg til seterområde i Meadalen, Stymme, Solell, Foss og Smådalen, til utmarksteigar og sameigestrekningar til ein rekke gardsbruk, til Soleggen Fjellstugu, til fritidshytter, til bustader i nedre del av vegen og tilkomst inn mot statsallmenningane (Leir- og Bøverdal statsallmenning og Vårdalen statsallmenning). Veganlegget omfattar i alt ei strekning med bilveg med grusdekke på om lag 21 km, der om lag 15 km er open for allmenn ferdsel ved betaling av bomavgift. Heile veganlegget er berre ope i sommarhalvåret, medan det berre er vinterbrøytt den nedre strekninga til Soleggen fjellstugu (6 km).

Det er om lag 90 eide domar som har del i veglaget. Desse betalar ikkje bomavgift, men betalar etter sin del av utgiftene med vegdrifta som er fastsett i ei jordskiftesak. Det er årleg om lag 2000 køyretøy som løysar bomavgift, nokre av desse har årskort. Ut frå dette kan ein rekle med at i snitt 50 køyretøy passerer planområdet kvar dag i den tida heile veganlegget er ope, og at trafikken kan vere minst dobbelt så stor dei travlaste dagane for setereigarane/beitebrukarane og i sommarferien. Trafikk med lastebilar og traktorar utgjer ein god del av trafikken.

Uttransport på veganlegget av masser frå masseuttaket medfører lastebiltrafikk etter vegen, men uttaksmengdene og lastebiltrafikken som følgje av framhald av drifta, vil venteleg ikkje auke i forhold til i dag. Trafikken inn og ut på offentleg veg, dvs. rv. 15, vil heller ikkje auke i forhold til i dag som følgje av framhald av drifta i uttaket.

Forholda kring trafikktryggleik og fare for trafikkulykker, er nærmare omtala i ROS-analysen som følgjer planforslaget. Ein viser til det som står der. I ROS-analysen er konklusjonen at det er liten ulykkesfare. Det blir også sett på som ei forbeting med omsyn til trafikktryggleiken, at reguleringsplanen vil stramme opp forholda med omsyn til å styre trafikken inn- og ut av uttaket til faste avkjøyrslar. Til no har det vore teke ut grus ned til same nivå som vegen, og ein har køyrt ut på vegen der det har passa seg.

## 11.8 Verknadar for forureining, energi og klima.

Forureiningsforskrifta sitt kapitel 30, omfattar alle stasjonære og midlertidige/mobile knuseverk og siktestasjonar som produserer pukk, grus, sand og singel. Forskrifta har krav om meldeplikt for produksjonsanlegg for pukk, grus, sand og singel. Melding skal sendes til Statsforvaltaren, normalt etter at reguleringsplan er vedteken. Forureiningsforskrifta set krav til og grenser for aktuelle typar forureiningsbelastning. Dette gjelder støv (grense for nedfall av mineralsk støv over ei tidsperiode), utslepp til vann (øvre grense for suspendert stoff i utslipspunktet/resipient), støykrav mm. i medhald av forskrifta kan verksemda få pålegg om måle- og kontrollprogram, rutinar for journalføring/dokumentasjon og rutinar for oppbevaring av opplysningar over tid. Forvaltning av forskrifta er delegert til Statsforvaltaren, som skal føre tilsyn med vilkåra i forskrifta og evt. løyve i medhald av forskrifta, evt. unntak frå føresegnene i forskrifta.

Problematikken kring støy og støvflukt mm. frå drift av uttaket er nærmere omtala i ROS-analysen som følgjer planforslaget. Ein viser til det som står der. Her er det mellom anna omtala avbøtande tiltak i form av avgrensingar av tid for aktivitetar i uttaket m.m. I ROS-analysen er det vurdert at støy eller anna forureining vil medføre særlege negative konsekvensar på bakgrunn av lokaliseringa av uttaksområdet og dei avgrensingar som er sett i planførereseignene.

Uttransport av massar, drift av knuseverk m.m. vil medføre forbruk av energi. Uttaksmengdene og aktiviteten i uttaket som følgje av framhald av drifta i uttaket etter at reguleringsplanen er på plass, vil venteleg ikkje auke i forhold til i dag. Energiforbruket vil derfor venteleg ikkje auke i framtida. At uttaket ligg inntil veganlegget der grusen skal nyttast, er fordelaktig med omsyn til energiforbruket, da uttransporten blir forholdsvis kort. I dag er køyretøy og maskinar som nyttast i drifta av uttaket drive med fossilt drivstoff som også gjev klimautslepp. Korleis dette vil utvikle seg i framtida er usikkert, men det skjer stadig ei teknisk utvikling som mogeleggjer omlegging til elektrisk/batteri-drift av køyretøy og anleggsmaskinar, og sjølv maskinar som blir drive med fossilt drivstoff får betre utnyttingsgrad og mindre skadelege utslepp.

Når det gjeld vurderingar av verknadar for klima elles, er det teke utgangspunkt i at vidare drift av uttaket i samsvar med planforslaget vil medføre ei omdisponering av omtrent 8,8 dekar skog eller grøne areal som ikkje tidlegare har vore avdekkja eller nyttta for grusuttak eller for samferdselsformål. Avskoging av areal og fjerning av humuslaget, vil medføre at det blir frigjort klimagassar. Tabellen under viser berekna utslepp av klimagassar som følgje av at areal vil bli omdisponert ved realisering av planforslaget.

Arealbonitet AR5	Areal i m <sup>2</sup>	Utslepps-koeffisientar (kg CO <sub>2</sub> /m <sup>2</sup> )		Utslepp (kg CO <sub>2</sub> )		
		Biomasse	Jord	Biomasse	Jord	<b>Sum</b>
Låg bonitet	5 933	12.0	48.0	71 196	284 784	<b>355 980</b>
Open fastmark – impediment/ uproduktiv skog	2 908	20.3	48.0	59 032	139 584	<b>198 616</b>
<b>Sum</b>	<b>8 841</b>			<b>130 228</b>	<b>424 368</b>	<b>554 596</b>

Tabellen viser berekna utslepp av klimagassar som følgje av at areal vil bli omdisponert ved realisering av planforslaget (metode: SVV, Metode for berekning av CO<sub>2</sub>-utslipp knytt til arealbeslag ved vegbygging, 2015).

Summen av frigjering av klimagassar som følgje av at areal vil bli omdisponert ved realisering av planforslaget, vil medføre eit klimautslepp tilsvarannde 554,6 tonn CO<sub>2</sub>. Det er ved utrekninga ikkje teke omsyn til at uttaksområda skal bli sete i stand etter at grusen er teke ut og bli attendeført til landbruksføremål. Reguleringsførereseignene føreset t.d. at ein skal ta vare på avdekkingssmassar og jord som skal nyttast for reetablering til landbruks-/skogbruksformål. Ein reknar med bakgrunn i dette at tiltaket over tid vil ha minimale negative klimaverknadar.

## **11.9 Verknadar for friluftsliv og barn/unge.**

Uttaksområdet er lite, og arealet og området omkring uttaket er lite nytta til friluftsliv. Det er i reguleringsføresegnene sett avgrensingar i tid i forhold til støyande aktivitet i uttaket, og er ikkje rekna at støy frå drifta av uttaket vil ha særleg negativ påverknad for utøving av friluftsliv. Ein vurderer at barn- og unge sine interesser ikkje vert påverka av reguleringsplanforslaget.

## **11.10 Verknadar for teknisk infrastruktur.**

Det er ikkje etablert teknisk infrastruktur i eller nær uttaksområdet. På motsett side av Meadalsvegen om lag 70 m frå uttaksområdet, går røygata i tilknyting til småkraftverket i Vulu, men denne vil ikkje bli påverka av reguleringsplanen.

## **11.11 Verknadar for samfunnstryggleik.**

Plan- og bygningslova stiller krav om gjennomføring av analyser for risiko- og sårbarheit (ROS-analyser) ved all arealplanlegging, jf. § 4.3. Det er utarbeidd ROS-analyse som følger planforslaget. Analysen er utarbeida i samsvar med vegleiar frå Direktoratet for sikkerheit og beredskap (DSB).

Ein viser til ROS-analysen for meir opplysningar kring verknadar for samfunnstryggleik.

Følgande farar/uønskte hendingar er vurderte som relevante for planområdet, og det er da gjort ei risikokartlegging vurdering av sårbarheit for desse i ROS-analysen i samsvar med DSB sin vegleiar:

1. Masseutgliding
2. Flaum i vassdrag/ekstremnedbør og overvatn
3. Snøskredfare
4. Skog-/lyngbrann
5. Støy og støv
6. Trafikkavvikling og fare for trafikkulykker

For dei tre første forholda som er nemnde over, er planområdet og arealbruken det planleggast for vurdert som moderat sårbart, og det er gjennomført ei meir detaljert risikokartlegging for desse tre tema. For dei tre siste tema er planområdet og arealbruken det planleggast for vurdert som lite sårbart.

Med omsyn til det første temaet – masseutgliding – er det er teke inn i planføresegnene at uttak i området skal skje etter driftsplan. I driftsplanen kan ein vurdere om det er naudsynt med nærmare reglar med omsyn til å plassere mellombels bygnad som trengs for drifta, anleggsmaskinar og utstyr utafor areal som kan bli nådd av eventuelle ras/utglidinger i uttaket. I planføresegnene er det gjeve reglar om uttaket til ein kvar til skal vere sikra, dette mellom anna for å unngå at folk dyr kjem utafor brokanten og skadar seg. Nærmare reglar om sikring vil bli fastsett i driftsplan.

Med omsyn til det andre temaet - flaum i vassdrag ekstremnedbør/overvatn - er det lagt inn faresone flaum langs bekken der denne går gjennom planområdet. Det er i planføresegnene

nedfelt at det ikkje er tillate med byggetiltak i denne faresona. I planføresegnene er det nedfelt at nedre grense for uttak skal ligge høgare enn Meadalsvegen, slik at vatn som renn i grøfter langs vegen/ i vegen, ikkje kjem inn i uttaksområdet. I planføresegnene er det dessutan nedfelt at ein ved eventuell utbetring av Meadalsvegen, skal veganleggjett bli dimensjonerast med eit klimapåslag på minimum 40 %.

Med omsyn til det tredje temaet - snøskredfare - er det lagt inn faresone skred der aktsemdsone på NVE sitt nye aktsemdeskart for snøskred frå 2023 kjem inn i planområdet. Det er i planføresegnene nedfelt at det ikkje er tillate med byggetiltak i denne faresona.